

Møtereferat

Deltakarar: Elisabet B. Salte, Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Harald Lindvik, Sven Hove, Oddveig Birkeland, Grete Müller

Forfall:

Kopimottakarar:

Møteleiar: Herlof Nilssen/Linn Bæra

Møtedato: 28.01.2015

Klokkeslett: 10-15

Møtenr: 1/2015

Møtested: Helse Vest RHF/Forus

Arkivref: -

Saksnr	Emne
1/15	<p>Herlof Nilssen, adm. dir. i Helse Vest RHF ønske det nye brukarutvalet for funksjonsperioden 2015-2017 velkommen.</p> <p>Nilssen presenterte deretter: (Presentasjon lagt ved)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Helse Vest RHF • Brukerutvalets rolle, og forventningar til utvalet og til RHF'et • Litt om oppdragsdokument 2015 frå Helse- og omsorgsdep. • Gjennomgang av aktuelle styresaker til fk. styremøtet den 4. febr., der han omtala særleg desse sakene: <p>4/15 – Ventetider er ikkje heilt på målet om 65 dagar, men utviklinga går den rette vegen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - -Prosjektet «Alle møter» er innført i heile regionen, og målet er at det vil bidra til å redusere ventetidene ytterlegare. - Målet om 0 fristbrot ennå ikkje er nådd. - Sjukefråværet i 2014 var lågare enn i 2013. <p>5/15 – Budsjettet for 2015</p> <p>11/15 – Gjennomgang av NOU 2014:12 Åpent og rettferdig – prioriteringar i helsetjenesten (Prioriteringsutvalet)</p> <p>12/15 – Differensierte ventetider. Krav til ventetider for behandla pasientar skal i styringsdokumenta i 2015 vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barne- og ungdomspsykiatri (BUP) - 40 dagar • TSB¹ - 40 dagar

¹ Tverrfaglig spesialisert rusbehandling

	<ul style="list-style-type: none"> • Voksenpsykiatri (VOP) – 45 dagar • Somatikk- 65 dagar <p>RBU blei oppfordra av Herlof Nilssen til å kome med ei uttale om forslaget til ventetider. Dette blei handsama under punkt 8/15 Eventuelt.</p> <p>14/15 – Kort om den første årlege meldinga om kvalitet og pasienttryggleik, St.Meld. 11 (2014-2015) Kvalitet og pasientsikkerhet 2013. Meldinga gir ei overordna skildring av status og utfordringar for kvalitet og pasienttryggleik i helse- og omsorgstenesta i 2013. Meldinga viser at kommunikasjon, samhandling, pasientskadar og leiing er utfordringar fleire av kjeldene peikar på. I Helse Vest er arbeidet med dette organisert i Program for pasienttryggleik 2013-2018</p> <p>15/15 – Det har skjedd eit betydeleg omstillingsarbeid i helsetenesta dei siste åra, og dei to førre åra utgjer dette ei innovasjonssatsing på 150 mill. kr. (Sjå vedlagte rapport for nærare beskriving av innovasjonsprosjekt i regionen).</p> <p>Sist tok Nilssen opp at det er høg etterspurnad etter brukarkompetanse, og for å dekke det auka behovet oppmoda han difor brukarutvalet til å opprette ei ressursgruppe med personar frå dei ulike brukarorganisasjonane for å få fleire brukarar å spille på.</p> <p>Det blei også peika på at det i tråd med retningslinjene kan etablerast eit arbeidsutval, der leiar, nestleiar og 1-2 personar frå brukarutvalet deltek.</p>
2/15	<p>Konstituering av nytt brukarutval.</p> <p>Herlof Nilssen gjorde kort greie for konstitueringsprosessen slik han står beskrive i retningslinjene for brukarmedverknad på systemnivå. Det regionale brukarutvalet ønskte at Nilssen leia prosessen.</p> <p>Det kom eitt forslag på leiar og nestleiar av RBU, der Linn Bæra (Rådgivningen om spiseforstyrrelser, FFO Hordaland) blei foreslått som ny leiar, og Grete Müller (SAFO Vest, Norsk forbund for utviklingshemming, Rogaland) blei foreslått som nestleiar. Forslaget blei vedteke.</p>
3/15	Ingen kommentarar til innkalling eller referat frå førre møte
4/15	<ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering om felles brev frå dei 4 regionale brukarutvala om brukarmedverknad i interregionale selskap. 2. Høyring – regionalt prosjekt om barnerehabiliteringstenester i Helse Vest. Det kom ingen innspel til høyringa frå det regionale brukarutvalet. 3. Sven Hove tek over etter Steinar Andersen som brukarrepresentant i referansegruppa til Regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling.

	<ol style="list-style-type: none"> 4. Grete Knudsen er brukarrepresentant i Regionalt nettverk for pasienterfaringsundersøkelser. 5. RBU deltek med 2 brukarrepresentantar i Samarbeidsorgana mellom Helse Vest RHF og universiteta og høgskular i regionen: <ol style="list-style-type: none"> 1. Pål Berger deltek i Samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF og dei to universiteta, som mellom anna fordeler forskingsmiddel 2. Claus Ingebrigtsen deltek i Samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF og høgskulane og Universitetet i Stavanger, som har særleg fokus på utdanning og praksisopplæring 6. Det blei ikkje valt brukarrepresentant til prosjektgruppa i Regional plan for laboratorietenester. Det står i førespurnaden at RBU melder inn ein representant om dei ønskjer det. På neste RBU-møte vil det bli konkludert på denne førespurnaden. 7. Oddveig Birkeland deltek som brukarrepresentant i Nasjonalt register for leddproteser. 8. Grete Müller deltek som brukarrepresentant i programgruppa for Regional programtryggleikskonferanse
5/15	<p>Oversikta over deltaking i arbeidsgrupper blei gjennomgått. Oversikta er oppdatert med informasjon og beslutningar som blei tatt i møtet, men framleis er det fleire av nettverka/prosjekta/gruppene som treng nye representantar til å ta over for dei som er gått ut av brukarutvalet. I oversikta vil det stå med raud skrift der det er behov for brukarrepresentasjon, og det blir ein ny gjennomgang av denne oversikten på neste RBU-møte den 25.2.2015. (Oppdatert oversikt lagt ved).</p>
6/15	<p>Kort informasjon om felles opplæringsseminar for alle brukarutval i Helse Vest den 11. februar 2015 i Bergen. Det er til saman 13 faste medlem/vara-medlem påmeldte frå RBU.</p>
7/15	<p>Gjennomgang av reiserekningar med dei nye satsane for 2015 v/Sofia Bertilsson (lønn- og rekn.skapsavd. Helse Vest). Reiserekningar skal fyllast ut med naudsynt informasjon, og sendast så snart som mogleg for attestasjon til Kristin O. Lexow. Oversikt over nye satsar for 2015 delt ut.</p> <p>Møtehonorar for RBU-møte blir betalt ut to gongar i året (juni og desember). Reiserekningar blir utbetalt den 12 i kvar månad.</p> <p>(Bertilssons presentasjon sendt på mail til RBU rett etter møtet).</p>
8/15	<p>To sakar til eventuelt:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Førespurnad frå Regionalt samarbeidsorgan der det er ønskjeleg med 2 brukarrepresentantar til ei arbeidsgruppe som skal lage ny forskingsstrategi for 2016-2020. Denne saka blir handsama på neste RBU-

	møte den 25.2.2015 2. Uttale frå RBU vedr. differensierte ventetider. RBU ønskte at anmodinga frå det førre RBU, datert 26.11.2014, ligg ved som uttale til denne styresaka. (Anmodinga lagt ved)
--	---

Neste RBU-møte blir her i Helse Vest/Forus den 25.02.2015, kl 10-15. Innkalling kjem 1 veke før møtet. Hugs å bestille flybillett i god tid.

Vel møtt!

Referent: KOL